



---

## Vedtekter for skulefritidsordninga (SFO) i Kvinnherad kommune

Skulefritidsordninga er heimla i opplæringslova § 13-7 første ledd.

Innhaldet i vedtektene vart vedtekne i kommunestyret 14.12.23

Vedtektene gjeld frå 01.01.2024.

### 1. Føremål

- SFO er eit frivillig aktivitets- og omsorgstilbod for elevar i 1.-4. klasse og for elevar med særlege behov på 1.-7. klassesteget.
- I SFO skal det leggjast til rette for leik, kultur og fritidsaktivitetar som tek utgangspunkt i alder, funksjonsnivå og interessene hos barna.

### 2. Eigartilhøve

- Kommunen er eigar og ansvarleg for drifta ved dei kommunale SFO-ordningane.
- Samarbeidsutvalet ved skulen (SU) er SFO sitt styre. SFO kan vera representert i SU med ein tilsettrepresentant og ein foreldrerepresentant. Dei har då møte-, tale- og stemmerett.

### 3. Innhald

- Nasjonal rammeplan for SFO gir nærmare forskrift om innhald og kvalitet i SFO-tilbodet.
- Verdiane i opplæringslovas formålsparagraf og reglane i opplæringslova om elevane sitt skulemiljø gjeld i SFO.
- Kulturskuletilbod og aktivitetar i regi av lag og organisasjonar kan vere ein del av SFO-tida.
- SFO følgjer skulen sine ordensreglar (med unnatak av sanksjonar som t.d. utvising).

### 4. Leike- og opphaldsareal

- Inne- og utearealet skal vera eigna for formålet. SFO har som regel småskulen sine rom som base, og nyttar utstyr, spesialrom og uteområde på lik linje med anna aktivitet på skulen.

### 5. Leiing og bemanning

- Rektor har det administrative, pedagogiske og økonomiske ansvaret for SFO ved sin skule.
- Rektor kan delegere oppgåver knytt til den daglege drifta til SFO-koordinator jf. funksjonsbeskriving for SFO-koordinator.
- SFO-koordinator skal ha relevant pedagogisk og fagleg utdanning, og skal saman med personalet drive SFO i samsvar med lov og forskrift.
- Alle som skal arbeida i SFO må legge fram politiattest jf. opplæringslova.
- Standard personaldekning er 1 vaksen per 12 elevar.  
*Gruppestørrelse per vaksen som fastsett i vedtektene er retningsgivande. Lokale tilhøve og behov må takast med i dei samla vurderingane for ressurstildeling og tilsetting av personale ved dei ulike SFO-tilboda i kommunen.*
- SFO-koordinator og personalet skal ha fast avsett tid til planlegging, samarbeid og kvalitetsarbeid.

## 6. Tilbod

- SFO tilbodet gjeld for skuleåret, 190 skuledagar (følger vedteken skulerute).  
For å opprette ordinært SFO-tilbod ved ein skule, er det krav om minst 3 elevar. Ved Skarveland skule gjeld ikkje denne grensa, då skulen skal ha SFO-tilbod fram til samlokalisering med Valen skule. Hatlestrand barne- og ungdomsskule er frå hausten 2022 heildagsskule som opnar kl. 08:00 om morgonen og avsluttar 15:50. Der er det aktivitetstid etter ordinær undervisning og leksetid, tilsvarande skulefritidsordning, uavhengig av minstekrav om tal elevar.
- Kvinnherad kommune har vedteke at frå 01.01.2023 er ordinært SFO-tilbod i kommunen gratis. Det er framleis betaling for SFO-tilbod i feriane, men elevar på 1. og 2. årstrinn får fritak frå foreldrebetaling for 12 timar dersom kommunen har SFO i feriane.
- Ferietilbod i haust- og vinterferie i tillegg til før og etter skuleåret (august og juni) er lokalisert ved skulane på Halsnøy, Valen, Sunde, Uskedalen, Hatlestrand, Undarheim og Malmanger. Ferietilbod i jule- og påskeferie er samlokalisert på Undarheim skule og Malmanger skule. Hatlestrand har eige ferietilbod som del av heildagsskulen, uavhengig av minstekrav om tal elevar.  
For å opprette SFO- tilbod i feriane er det krav om 6 elevar ved kvart av tilboda. Dersom det er søkt plass i ferietilbod ved ein skule som ikkje kan opprette tilbod grunna for lavt søkjartal (under 6 elevar), kan eleven få tilbod om plass på ein annan lokasjon dersom det kan gi nok elevtal til å opprette tilbod.
- Der det er mogeleg og formålstenleg, kan tilbod om SFO samordnast med t.d. barnehage.
- Leksehjelp kan vere ein del av SFO tilbodet.
- Retten til skyss gjeld ikkje til og frå SFO.
- Elevar med omfattande omsorgsbehov som har vedtak om avlastning og har oppfølging av eigen vaksen i den ordinære SFO-ordninga, skal få tilbod om avlastning på SFO i feriar. Dette gjeld sjølv om det ikkje er mange nok elevar i den aktuelle SFO til å opprette ferietilbod. Omfattande omsorgsbehov er definert som rett til avlastning etter Helse- og omsorgstenestelova.
- Elevar med plass grunna nedsett funksjonsevne eller mellombels sjukdom/skade kan ha rett på skyss. Retten gjeld ikkje i skuleferiane.

### Skulefritidsordninga i Kvinnherad har følgjande tilbod:

- Tilbod som følgjer skuleåret: Morgonopning og etter skuletid  
Opningstid: kl. 07.00 – 16.00  
Minste elevtal for oppstart: 3 elevar  
*Dersom elevtalet blir redusert i løpet av skuleåret kan tilbodet halda fram ut terminen.*
- Tilbod i haustferien\*\*: Måndag til fredag i haustferieveka  
Opningstid: kl. 07.00 – 16.00  
Minste elevtal for oppstart: 6 elevar
- Tilbod i juleferien\*: Frå skuleslutt før jul t.o.m. 23. desember. Ikkje ope i romjula  
Opningstid: kl. 07.00 – 16.00  
Minste elevtal for oppstart: 6 elevar

- Tilbod i vinterferien\*\*: Måndag til fredag i vinterferieveka  
Opningstid: kl. 07.00 – 16.00  
Minste elevtal for oppstart: 6 elevar
- Tilbod i påskeferien\*: Måndag, tysdag og onsdag i påskeveka  
Opningstid: kl. 07.00 – 16.00 (onsdag kl. 07.00 - 12.00)  
Minste elevtal for oppstart: 6 elevar
- Sommarferie juni\*\*: Frå skulen sluttar og ut juni månad  
Opningstid: kl. 07.00 – 16.00  
Minste elevtal for oppstart: 6 elevar
- Sommarferie august\*\*: Frå første kvardag etter 1.aug. fram til planleggingsdagar før skulestart (SFO er ikkje ope desse planleggingsdagane)  
Opningstid: kl. 07.00 – 16.00  
Minste elevtal for oppstart: 6 elevar

\*Ferietilboda er samlokalisert ved Undarheim og Malmanger skular.

\*\* Ferietilboda er lokalisert ved skulane på Halsnøy, Valen, Sunde, Uskedalen, Undarheim og Malmanger.

## 7. Søknad

- Det vert gjennomført årleg hovudopptak for komande skuleår med søknadsfrist **1. mars**
- Søknadsfrist for ferietilbod er **1. mars** for ferietilboda som er frå første kvardag etter 1.aug t.o.m. 23. desember, og **1. november** for ferietilboda som er frå vinterferien og ut juni månad.
- Søknadsskjema er tilgjengeleg på heimeweb: <https://skole.visma.com/kvinnherad>  
Sjå gjerne rettleiing for søknad.  
Vedtak om plass gjeld til plassen vert endra eller sagt opp. Etter 4. trinn vert plassen automatisk avslutta.
- Søknader som er motteke innan søknadsfristen, vert handsama sentralt i kommunen.
- Tildeling eller avslag på plass er eit enkeltvedtak med klagerett. Klagefrist: 3 veker.  
Klageinstans: Kvinnherad kommune ved Kommunedirektøren.
- Søknader motteke etter søknadsfristen vert tildelt ved den einskilde skule, dersom det er kapasitet (forsvarleg vaksendekning).
- Oppseiingsfrist er 2 månader, rekna frå 1. i månaden.
- Dersom eleven som har fått innvilga plass på SFO nyttar plassen sin mindre enn 50 % enn innvilga plass og dette ikkje skuldast sjukdom eller permisjon, vil foreldra få varsel om at plassen fell bort dersom det ikkje er søkt om endra plass innan ein månad etter varselet. Held eleven fram med å ikkje nytta plassen sin og plassen ikkje er søkt endra vil rett til plass falle bort.
- Dersom det er fleire søkjarar enn plasser i SFO, vert opptaket gjort etter følgjande prioritering:
  1. Barn med nedsett funksjonsevne som etter fagkunnig vurdering kan ha nytte av SFO-tilbod.
  2. Sosiale, medisinske eller pedagogiske årsaker hjå barnet eller familien, etter tilråding frå faginstans (PPT, barnevern, helsesjukepleiar, lege).

3. Yngre elevar har førerrett framfor eldre elevar.
- Føresette kan søkje om SFO – ferietilbod jf. punkt 6
  - Endringar i ferietilbodet i 1. termin, må seiast opp innan 15. juni
  - Endringar i ferietilbodet i 2. termin, må seiast opp innan 31. desember

## 8. Foreldrebetaling for ferietilbod

### 1. Betalingssatsar og fakturering

- Satsane for foreldrebetaling for ferietilbod vert fastsette av kommunestyret, og er graderte etter kva for tilbod eleven gjer seg nytte av. Satsane blir endra 1. januar kvart år, etter vedtak i kommunestyret.
- Faktura blir sendt til føresett 1 på søknadsskjemaet. Fakturaen kan delast mellom føresette.
- Sjukdom eller permisjon frå skulen ut over 1 månad gjev fritak frå foreldrebetaling.
- Blir SFO stengd som følgje av streik eller andre ekstraordinære tilhøve, vil føresette få refundert foreldrebetalinga tilsvarende.

### 2. Betalingsmåte

- Føresette får tilsendt utfylt faktura med forfall den 20. i månaden.
- Ved manglande betaling vert krava innfordra ved tvang. Dersom krava ikkje er betalt innan 2 -to- veker etter at purrebrev er sendt, vil Kvinnherad kommune sei opp plassen barnet har i SFO jf. tvangsfullbyrdseselova § 4-18 og § 13-2a  
[§ 4-18 Særlege tvangsgrunnlag](#) § 13-2 [Tvangsgrunnlag](#)
- Ny plass på SFO ferietilbod vert ikkje tildelt før uteståande er betalt, eller det ligg føre ei betalingsordning som økonomikontoret kan godkjenne. Betaling for barnehageplass(ar) og SFO vert sett i samanheng. I praksis vil dette seie at dersom føresette ikkje har betalt for barn i barnehage, vil ikkje føresette sitt/sine barn få plass på SFO ferietilbod.
- Ved manglande betaling skal rektor i samarbeid med økonomikontoret ha dialog med føresette og prøve å finne ei løysing.

### 3. Fleksibel bruk av ordinært SFO-tilbod

Det er høve til å nytte ordinært SFO-tilbod i inntil 20% av tilbodet utan ei fast påmelding. Desse føresetnadane må ligge til grunn:

- Dato for opphaldet må vera avtalt med SFO på førehand, og opphald på enkeltdagar må ikkje føra til ekstra personalressurs.
- Opphald på enkeltdagar skal ikkje reknast med i minstetalet på 3 som ligg til grunn for oppstart av eit tilbod.

## 9. Endring i vedtektene

Kommunestyret i Kvinnherad kommune skal fastsette vedtekter for SFO. Endringar av vedtektene skal gjerast av kommunestyret. Kommunedirektøren har mynde til å endre vedtektene når dette er som følgje av endringar i lov og forskrift.